

Tunge dagar, Martin

Ali har framleis den same praksisplassen no etter eit halvt år.

Stort sett går det veldig fint, og han trivst godt saman med Martin.

Han føler likevel at han ikkje kjenner så mange andre på praksisplassen, og han er litt usikker på det sosiale.

Forrige veke fekk Ali ein veldig trist beskjed. Mora, som framleis bur i heimlandet, har blitt veldig sjuk. Ho bur langt frå byen, dei har lite pengar og det er vanskeleg for ho å få medisinsk hjelp. Ali forstår at situasjonen er alvorleg og han er redd for at mora skal døy. Det er nesten 8 år sidan sist han såg ho. Ali er i praksis og har berre litt arbeid på ein butikk ein gong i veka utanom skule og praksis. Han har nesten ikkje pengar igjen når husleige og alt anna er betalt. Ali har begynt å sove dårleg og kan ligge vaken lenge før han får sove om kveldane.

Det er vanskeleg å konsentrere seg på praksisen når Ali har så mykje vanskeleg å tenke på. Dei siste dagane har han ikkje orka å ete lunsj saman med kollegaene sine. Han har hatt matpause åleine ute i bilen sin i staden- han orkar ikkje å snakke med nokon. Livet er tungt.



Martin forstår ingenting. Ali har vore så sur dei siste vekene. Og no vil han ikkje eingong ete saman med dei. Trivst han ikkje lenger? Er han ikkje interessert i kollegaene sine? Dei andre på arbeidsplassen har også begynt å prate om Ali. Martin synest det er veldig vanskeleg.

- Kva vil det seie å investere sosialt på arbeidsplassen?
- Er det noko som blir forventa på ein norsk arbeidsplass?
- Kor privat kan du vere? Kor privat vil du vere? Kan ein oppleve kulturkræsje også her?
- Kva vil du råde Ali til?